



Kartlegging av potensialet for langsiktig taredyrking ved Sulefisk sin oppdrettslokalitet frå eit berekraftig perspektiv

Bakgrunn til oppdraget

Sulefisk vart etablert i 1984 og har sidan då produsert matfisk. Dette er hovudaktiviteten i bedrifta vår. Likevel har Sulefisk i ei årrekke utpeika seg, både nasjonalt og internasjonalt, som ei innovativ bedrift som stadig jobbar for gode, berekraftige løysingar. Eit spanande døme på dette er Integrert multitrofisk akvakultur (IMTA), der vi sidan 2011 har testa samlokalisert dyrking av tare og lakseproduksjon. Per dags dato driv vi med taredyrking på Furuholmen (sjå vedlagt kart), og har i tillegg integrert løyve til å dyrke på Kvernshusvik.

Tarenæringa i Noreg er i ein tidleg fase, og det er ei heil verdikjede som skal utviklast. Tare har eit potensielt breitt bruksområde og kan truleg vere ein del av framtidens mat. Den kan mellom anna nyttast som grønnsak, som smaksforsterkar, som krydder i matlaging og som fiske- og dyrefôr. Moglegheita for økonomisk vinst frå taredyrking er reell, men der er òg kostnader knytt til produksjon og transport. Samstundes er krava til tareproduksjon for matbruk strenge, då taren kan innehalde uheldige nivå av diverse tungmetall.

Kunnskap knytt til miljøeffekten av taredyrking er framleis avgrensa, men moglege positive og negative påverknader har vore påpeika. Til dømes er det sannsynleg at taren kan m.a. bidra til å ta opp både karbondioksid og overfløydige næringsstoff frå det marine miljøet. Samstundes kan tenkast at taredyrking aukar konkurransen for vekststressursar som lys og oksygen.

For Sulefisk var ei sentral målsetjing med taredyrking å sjå om taren kunne fungere som ei barriere mot luselarvar inn i laksemerdane, samstundes som ein ville sjå om taren kunne gjere nytte av overfløydige næringsstoff frå lakselokaliteten. Erfaringane våre tilseier at taren ikkje hindrar luselarvane å komme til på laksen. Samstundes ser vi at taren veks svært godt i samlokalisering med lakseoppdrettet vårt, og potensialet for taredyrking som eiga næring i eit IMTA perspektiv er av interesse for oss.

Oppdrag

For Sulefisk, som i utgangspunktet driv med oppdrettslaks, er det viktig å få oversikt om taredyrking er noko som vi skal fortsetje med. **Difor ynskjer vi at elevane på 9. trinn på Solund barne- og ungdomsskule kartlegg om taredyrking er eit økonomisk, miljømessig og samfunnsmessig forsvarleg og berekraftig næringsområde som Sulefisk bør satse på i framtida.**

Det er ynskjeleg at kartlegginga tar føre seg mellom anna:

- Positive og negative miljøpåverknad av taredyrking ved Sulefisk sine lokalitetar, frå eit berekraftig naturmangfaldperspektiv
- Positive og negative samfunnsaspekt av taredyrking ved Sulefisk sine lokalitetar, frå eit perspektiv basert på å utvikle berekraftige lokalsamfunn
- Produksjonskostnader og moglege inntekter knytt til taredyrking ved Sulefisk sine lokalitetar
- Noverande og framtidige bruksområde og marknader

Presentasjon av funn og forslag til vidare utvikling eller avvikling av prosjektet

I etterkant av felt- og skulearbeid knytt til dette kartleggingsoppdraget, ynskjer vi at de leverer ein skriftleg rapport, òg at de presenterer hovudfunna for oss.